

Juleavslutning 2015

Vi er inne i ei fin førjulstid. Heime tenner vi lys i vindua for å lyse opp den elles så mørke årstida. På skulen er det full aktivitet med juleverkstad, juletentamen, pynting av klasserom inn i mellom den daglege undervisninga. Vi vonar at vi alle får ei fin feiring av den komande høgtida.



Kyrkja inviterer elevane til julegudsteneste i St. Jetmund torsdag den 17. desember.

1.-7. klasse i tida 09.30-10.15 og 8.-10. klasse i tida 10.30-11.15.

Skulen ser på dette som ei fin kultur- og tradisjonsoppleving.

Det er likevel høve for å be om fritak for dette opplegget

utifrå spesielle kriterier, jmf. Opplæringslova. Ta då kontakt med skulen om dette.

Siste skuledag før jul vert fredag den 18. desember.

Elevane har kosestund på klasseromet dei tre første timane.

Elevane har lov å ta med snop og ei lita brus denne dagen.

Frå kl 12.30 vert det juleavslutning i gymsalen.

Føresette, besteforeldre og sysken vert invitert til å ta del. Det vert først program ved elevane, før vi har gang rundt juletreet. Etter festen møter alle elevane til sine klasserom der dei største får utdelt karakterane sine og dei minste ei kort avslutning ilag med kontaktlæraren sin. Det er høve til å ta med barna heim etter dette for dei som ynskjer det.

Skulen takkar for samarbeidet, og ynskjer dykk alle saman ei fin julehøgtid!

God jul og godt nytt år!

Med vennleg julehelsing frå kollegiet ved Åheim skule